


# Mangfaldsåret 2008

HORDALAND





## Kontaktpersonar i Hordaland

**Elin Golten:** tlf 55 23 93 73

e-post [elin.golten@post.hfk.no](mailto:elin.golten@post.hfk.no)

**Tone Stedal Haugland:** tlf 55 23 91 92

e-post [Tone-Stedal.Haugland@post.hfk.no](mailto:Tone-Stedal.Haugland@post.hfk.no)

## Meir informasjon:

[www.hordaland.no/mangfoldsaret](http://www.hordaland.no/mangfoldsaret)

[www.kultureltmangfold.no](http://www.kultureltmangfold.no)





## MANGFALDSÅRET 2008 I HORDALAND

Fylkesplanen for Hordaland 2005-2008 sin visjon for kulturpolitikken er at *Hordaland skal ha eit rikt og mangfaldig kulturliv som er forankra i regionale særtrekk og ope for nye impulsar. Alle skal kunne ta del i og oppleva tradisjonelle og nyskapande kulturaktivitetar.*

Hordaland fylkeskommune arbeider for kulturliv for alle – uavhengig av føresetnader. **Vi ønskjer at kulturlivet skal spegle og representere det mangfaldet som finst i fylket. Vi vil i Mangfaldsåret 2008 jobbe spesielt for å leggje betre til rette for dette og minske hinder for å delta i kulturlivet og samfunnet elles.** Mangfaldsåret er for oss eit høve til å sette eit sterkare fokus på dette, og vi ønskjer å styrke eksisterande og opprette nye strukturar og nettverk som kan vare og utvikle seg vidare i åra som kjem.

Ein av strategiane for å oppnå kulturvisjonen i Fylkesplanen er *å utvikla tiltak som medverkar til fleirkulturelt fellesskap og dialog mellom generasjonar.* I Mangfaldsåret vil vi legge ekstra vekt på denne strategien.

For å få eit mangfaldig samfunns- og kulturliv må ingen ekskluderast frå deltaking – verken på grunn av kjønn, religiøs eller kulturell tilknytning, legning eller funksjonsnivå. I Stortingsmelding 17 som ligg i botnen for Mangfaldsåret 2008 er kulturelt mangfald spesielt vektlagt, og grupper som er nemnd her er urfolk, nasjonale minoritetar, innvandrarar og deira etterkommarar.





## DETTE LIGG I BOTNEN FOR VÅRT ARBEID:

**1 Vi ser mangfold som naudsynt for utvikling og høve til å få eit rikare kulturliv i kommunar og fylket - som ei kjelde til nye opplevingar, ny lærdom og innsikt.**

Det handlar mykje om innstilling, flyktingar og innvandrarar er ein ressurs for lokalsamfunnet. Nettopp ved å vere annleis eller kome utanfrå kan ein tilføre kommunen nye kunnskapar, kulturuttrykk og innspel. Vi ønskjer eit kulturliv og samfunnsliv der vi kan møtast på ein arena der vi kan erkjenne at våre verdiar kan vere slåande like og at vår ulikskap kan gjere liva våre rikare. Vi ønskjer eit kulturliv med ei sjenerøs grunnhaldning der sjølvrespekt og respekt for kvarandre gir oss den tryggleiken som skal til for at vi skal tore å by på oss sjølv.

**2 Det kulturelle mangfaldet har ulikt innhald i ulike deler av landet og i ulike kommunar. Ein må ta utgangspunkt i den røynda som fins der ein bur og jobbe ut frå lokale forhold.**

Oslo er ein svært fleirkulturell by, men den fleirkulturelle kvardagen i resten av landet kan sjå ganske annleis ut. Det er mykje som påverkar korleis ein kan og må jobbe med mangfold og integrering i ein kommune. Noko kan ein sjølv vere med på å styre. Andre ting ligg meir fast. Difor må vi ta utgangspunkt i våre lokalsamfunn, og vi må analysere kva hinder der er for mangfaldige lokalsamfunn og kva faktorar som gjer at det blir meir mangfold.

I mange av kommunane i Hordaland er det flyktingar som utgjer den største andelen av innvandrarbefolkninga. I ein flyktningsituasjon blir ofte menneske redusert til berre å vere flykting – dei blir sett på som eit problem som må løysast. Det er sjølv sagt ei påkjenning å ha opplevd krig og ha flykta. Det er krevjande etter desse påkjenningane å skulle starte på nytt i eit anna samfunn, sjølv om det ofte er ressurssterke menneske som klarar å flykte.



### 3 Vi vil leggje vekt på å bygge opp strukturar og nettverk som er varige og som i åra framover kan vere med på å bygge eit meir mangfaldig samfunns- og kulturliv.

Det er viktig at innvandrarak og menneske med ulike bakgrunn og føresetnader får ei stemme i det norske samfunnet. Det kan skje gjennom at ulike menneske sjølve arrangerar og initierar tiltak og treffstader, men det kan også vere gjennom å delta i det «ålmenne» norske kulturlivet. Statistisk sett er det for eksempel ein svært liten del av publikum på såkalla generelle kulturarrangement som har fleirkulturell bakgrunn.

Vi vil leggje vekt på å gje betre informasjon til flyktningar om generelle kulturtilbod og høve for sjølv å delta og etablere egne aktivitetar – både direkte frå fylkeskommunen og via tilsette i kommunane. Vi ønskjer å vere eit bindeledd mellom innvandrar/minoritetsspråklege og etablerte «norske» organisasjonar og institusjonar og mellom ulike innvandrarorganisasjonar.





## DETTE VIL VI GJERE:

### 1 Synliggjere og styrke det mangfaldet som allerede finnes ved å

- løfte fram og informere om dei fleirkulturelle tiltaka fylkeskommunen sjølv er ansvarleg for, på eigne nettsider ([www.hordaland.no/mangfoldsaret](http://www.hordaland.no/mangfoldsaret)), Kulturnett Hordaland ([www.hordaland.kulturnett.no](http://www.hordaland.kulturnett.no)) og den nasjonale nettstaden [www.kultureltnangfold.no](http://www.kultureltnangfold.no)
- informere innvandrorganisasjonar og liknande om dei kanalane som finst for publisering av informasjon om kulturaktivitetar og oppfordre dei til å bruke desse.
- oppmode andre kulturaktørar til å synleggjere mangfaldsrelaterte prosjekt og arrangement på dei same sidene.
- vere bevisste på å løfte fram eit mangfaldig kulturliv på nettsidene til kulturkortet for ungdom i Hordaland ([www.kulturkort.ivest.no](http://www.kulturkort.ivest.no))

### 2 Skape nye høve for samhandling og samarbeid mellom kulturaktørar med bakgrunn frå høvesvis majoritets- og minoritetskulturar ved å

- arbeide for eit tettare nettverk mellom dei ulike organisasjonane m.a. gjennom å vere rådgjevarar, samtalepartnarar og pådrivarar for at ulike kulturaktørar på best mogleg måte skal kunne samarbeide.
- gje høve til kvalitets- og kompetanseheving for innvandrorganisasjonar gjennom informasjonsmøte og nettverk.
- informere dei ulike kommunale kulturkontora om ulike stønadsordningar og liknande.
- styrkje publikumsarbeidet for å nå nye publikumsgrupper.
- samarbeide med aktørar som har erfaring og kompetanse innanfor mangfaldsarbeidet.



### **3 Stimulere offentlege kulturinstitusjonar til å spegle kulturelt mangfald ved å**



- kanalisere ein del av stønadsmidlane som finst i fylket til ulike kulturføremål mot tiltak og prosjekt som vil styre det kulturelle mangfaldet.
- skape kontaktar mellom innvandrарorganisasjonar og minoritetsspråklege kunstnarar og etablerte «norske» kulturorganisasjonar og -institusjonar.

### **4 Stimulere til interkulturell dialog både på lokalt og nasjonalt plan ved å**

- kanalisere ein del av stønadsmidlane vi rår over til ulike kulturføremål mot tiltak og prosjekt som vil styrkje det kulturelle mangfaldet og interkulturell dialog
- prioritere slike tiltak ved tildeling av midlar øyremerka innvandrарorganisasjonar og fleirkulturelle tiltak (midlar frå Integrerings- og mangfoldsdirektoratet kanalisert via Fylkeskommunen)

### **5 Auke innbyggjarane sin kunnskap om og respekt for kulturelt mangfald**

- Vi meiner at dette skjer ved at dei ovannemnde målsetjingane vert iverksett og at dei ulike kulturutrykka og menneska bak dei vert meir synlege.
- Gjennom Hordalandsmodellen – fylkeskommunen sin kompetansehevingsmodell for tverrkulturell forståing innan offentleg tenester.




**HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE**  
 Agnes Mowinkels gt. 5  
 Postboks 7900  
 5020 BERGEN  
 tlf: 55 23 90 00  
[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)